

**Fra:** [stian@lavik.com](mailto:stian@lavik.com)  
**Til:** [AL-Kommunestyre spørsmål-interpellasjonar](#)  
**Kopi:** [Sara Sekkingstad](#); [Astrid Aarhus Byrknes](#); [Ingrid Fjeldsbø](#)  
**Emne:** Interpellasjon om kommunen si handsaming av kompensasjonsmidlar runde 6 og 7  
**Dato:** fredag 28. april 2023 14:00:09

---

## Interpellasjon om kommunen si handsaming av kompensasjonsmidlar runde 6 og 7

I sak 047/22 gjorde kommunestyret eit vedtak med ein fordelingsmodell for å dela ut kompensasjonsmidlar frå staten til verksemder som kunne visa til tap som følge av koronarestriksjonar. Saka var basert på sak 015/22 og utgreiing i Utval frå næringsutvikling og drift.

Dette var 6. og 7. runde med tildeling frå staten, som vi i Alver kommune valde å slå saman til ei tildeling. I ettertid kan ein spørja seg om handsaminga av saka gav det resultatet ein ønskte. Tilskotsbrevet frå departementet i runde 7 hadde ein annan ordlyd enn tilskotsbrevet i runde 6, og såleis kan ein undrast på om ein klara å fanga opp det som var målet med kompensasjonsmidlane (særleg for runde 7) godt nok. I brevet for runde 7 heiter det:

"Midlene er fordelt til kommuner med utgangspunkt i antall ansatte innen servering, overnatting, sport og fritid, reisebyråer og -arrangører, kunst og underholdning og kongress-, messe- og utstillingsvirksomhet."

og vidare:

"Bransjene som ligger til grunn i fordelingsmodellene fra departementet, bør tilgodeses så langt det er behov. Kommunene bes særleg om vurdere kompensasjonsbehovet i virksomheter som har falt helt eller delvis utenfor de generelle kompensasjonsordningene, som bl.a. nystartede bedrifter. Utover det, kan kommunene innrette sine lokale ordninger etter den lokale situasjonen." Det står også i brevet at "Departementet forventer at kommunene tildeler midlene til bedriftene raskest mulig for å bedre situasjonen for bedrifter og deres ansatte."

Det kan såleis verka som det kan vera noko rom for tolking av tildelingskriteriene frå staten si side, samstundes som det ser ut til å vera ein ønska intensjon om å treffa nokre bransjar og verksemder særskilt, samt eit ønske om rask handsaming og utdeling av midlane.

Etter vedtaket er det handsama ei klage frå ein av søkjarane av midlar, og m.a. sakshandsaminga av denne saka har gjort oss ekstra merksame på om vi bør sjå på grunnlaget for vurderingane kring vedtak som vart gjort våren 2022.

Vi har også fått høyra at klagaren har opplevd å møta uheldig kommunikasjon frå kommunen, inkludert sakshandsamingsfeil i ht. Forvaltningslova undervegs i prosessen. Som folkevalde i kommunen ønskjer vi gjerne at vi gjev ei orsaking/oppreising til evt. dei søkjarane det gjeld.

Slik vi ser det, er det svært viktig at vi som folkevalde og som kommune tar ansvar for å leggja best mogeleg til rette for innbyggjarar og verksemder i kommunen vår, og heilskapen av denne saka ser kanskje ikkje ut til vera heilt der den burde vera. Då bør vi også ta ansvar og gjera ei vurdering av situasjonen, og evt. sjå på mogelegheiter for å retta opp det vi kan. I og med at det er kommunestyret som gjorde vedtaket med modellen for tildeling av kompensasjonsmidlar i 2022, er det også kommunestyret som ber ansvaret.

Slik det ser ut no, er det særleg to verksemder som etter kriteria i tilskotsbrevet for runde 7 frå departementet kunne vore betre trufne av vedtaket om kompensasjonsmidlar. Dette skuldast at desse to har stiftingsdato som gjer at dei ikkje kunne fått kompensasjon i tidlegare tildelingsrundar (nystarta verksemder), samt at særleg éi av verksemdene tilhøyrrer ein bransje som er særleg nemnd i kriteriane. Desse to verksemdene er "ZingZang AS" og "Klinikk Sætran Helse og skjønnhet".

Vi vil med dette be om at kommunestyret realitetshandsamar og vedtar følgjande:

*Framlegg til vedtak:*

"Kommunestyret anerkjenner at vedtaket gjort i sak 047/22 ikkje er så treffsikkert som det burde vore, med tanke på intensjonen i tilskotsbrevna frå departementet. Dette ramma i hovudsak to verksemder særskilt, "ZingZang AS" og "Klinikk Sætran - Helse & skjønnhet". Kommunestyret erkjenner óg at det har vore utfordringar i sakshandsaminga og vedtar følgjande:

1. Kommunestyret vil formelt orsaka uheldig sakshandsaming og kommunikasjon i samband med denne saka og dei negative konsekvensane det har fått.
2. Med utgangspunkt i kriteria som er nemnd i tilskotsbrevet fra departementet, tildeler kommunestyret skjønsmessig NOK 50 000,- til kvar av "ZingZang AS" og "Klinikk Sætran - Helse & skjønnhet" som ei ekstra kompensasjon og for tort og svie i denne saka. Midlane skal takast frå disposisjonsfondet. "

Alver KrF og Alver Høgre